



Arnfinn Halland
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1505 - 14/11618

Saksbehandlar:
Kjersti Flatråker
kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:
23.10.2014

Delingssak Gbnr 60/4 Halland - Ny bustadeiegedom - Søknad om deling - melding om vedtak

MELDING OM VEDTAK

Melding om vedtak deling av eigedom

Saka vart handsama av hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 15. oktober 2014, der følgjande vedtak vart fatta:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 085/2014

PLT - handsaming:

Hovudutvalet gjekk einstemmig mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Nytt framlegg til vedtak i sak 085/2014 frå HPLT:

Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål og løyve til deling for oppretting av ny grunneigedom på følgjande vilkår:

- 1. Grunneigedomen skal ha ein storleik av inn til ca 1 mål i samsvar med skisse lagt fram for hovudutvalet ved synfaring 15.10.14.*
- 2. Det må leggjast fram for tinglysing rett til å føre fram veg og VA anlegg.*
- 3. Føresegner i Kommuneplan for Radøy kommune skal gjelde.*
- 4. Eigedomen får gjerdeplikt.*

Grunngjevinga for vedtaket er at det er positivt med fortetting i eit området i vekst. Eigedomen kan nytte eksisterande infrastruktur. Det vil ikkje verte ulemper for landbruket, og samfunnsgagnet ved å leggje til rette for busetting er større enn ulempene ved ein dispensasjon. Det vert vist til uttale frå Fylkesmannen i Hordaland av 27.06.14: «Fylkesmannen stiller seg i utgangspunktet kritisk til slik omdisponering av jordbruksareal. Vi kan heller ikkje sjå trongen for ei så stor bustadtomt. Dersom ein skal dele frå ei tomt bør storleiken reduserast til det halve.» Det vert vidare vist til grunngjevinga som går fram av jordlovsvedtaket av 23.06.14: «Vi ser det som positivt at ein ynskjer legge nytt bustadhus i området der det allereie eksisterar fleire hus, og at tomte er i nærleiken av vegen, og ein kan bruke delvis same avkøyrsla som eksisterar allereie. Ein har såleis tillempa å begrense ulempene for dei som skal ha yrket sitt i landbruket, med at ein har valgt ei plassering i nærleiken av anna bustadbebygging.»

Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova §§ 19-2 og § 20-1 m.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Hovudutvalet gjekk einstemmig inn for sitt eige framlegg til vedtak.

PLT - vedtak:

Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål og løyve til deling for oppretting av ny grunneigedom på følgjande vilkår:

1. Grunneigedomen skal ha ein storleik av inn til ca 1 mål i samsvar med skisse lagt fram for hovudutvalet ved synfaring 15.10.14.
2. Det må leggjast fram for tinglysing rett til å føre fram veg og VA anlegg.
3. Føresegner i Kommuneplan for Radøy kommune skal gjelde.
4. Eigedomen får gjerdeplikt.

Grunngjevinga for vedtaket er at det er positivt med fortetting i eit området i vekst. Eigedomen kan nytte eksisterande infrastruktur. Det vil ikkje verte ulemper for landbruket, og samfunnsgagnet ved å leggje til rette for busetting er større enn ulempene ved ein dispensasjon. Det vert vist til uttale frå Fylkesmannen i Hordaland av 27.06.14: «Fylkesmannen stiller seg i utgangspunktet kritisk til slik omdisponering av jordbruksareal. Vi kan heller ikkje sjå trongen for ei så stor bustadtomt. Dersom ein skal dele frå ei tomt bør storleiken reduserast til det halve.» Det vert vidare vist til grunngjevinga som går fram av jordlovsvedtaket av 23.06.14: «Vi ser det som positivt at ein ynskjer legge nytt bustadhus i området der det allereie eksisterar fleire hus, og at tomte er i nærleiken av vegen, og ein kan bruke delvis same avkøyrsla som eksisterar allereie. Ein har såleis tillempa å begrense ulempene for dei som skal ha yrket sitt i landbruket, med at ein har valgt ei plassering i nærleiken av anna bustadbebygging.»

Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova §§ 19-2 og § 20-1 m.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Om det ikkje vert klaga på vedtaket vert saka sendt til oppmålingsavdelinga i kommunen som tek kontakt for oppmålingsforretning.

Med helsing

Kjersti Flatråker
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Delingssak gbnr 60/4 Halland - ny grunneigedom for heilårsbustad - dispensasjon i frå arealføremål LNF i kommuneplan

Mottakarar:

Arnfinn Halland

5936

MANGER